

Brannvernrunde 03.06.2026 Stord kyrkje

- Ragnhild Vad frå brannvesenet hadde først ein teoretisk gjennomgang med tilsette og frivillige medarbeidarar i kyrkja, bl.a. om kvifor det er viktig med gode rutinar, brannøving i gudstenester for å avdekke kva og kor ein kan forbedre ting, korleis brannvarsling virka mm. Viktig at alle veit kvar slökkjeapparata er. Det er eigar av kyrkja som skal syte for at det er ulike instruksar, og me andre har ansvar for å setje oss inn i det/etterspør.
- Branninstruks og brannteikning heng ved brannvarslingssentralen i våpenhuset, og i dåpssakristi/kjøkkenet. Brannalarm høyrer godt i kyrkjerommet.
- Ragnhild Vad gjekk gjennom evakueringsinstruksjonen for kyrkja, punkt for punkt. Det vart snakka litt om kvart punkt.
- Ein må setje seg inn i evakueringsinstruksjonen før eit arrangement, det er for seint når det har oppstått ein uønska situasjon.
- Det beste er å slökkje med brannslangen. Vatnet tek ikkje slutt, slökkjeapparata er tom på 20 sekund. Bortsett frå orgelet, der må ein slökkjemiddel brukast. Det skal sjekkast ut kor lang brannslangen på kjøkkenet er, kor langt ned i kyrkjerommet den rekk. I tillegg så er det ein brannslange i etasjen over orgelet.
- Viktig materiell som bør reddast tar brannvesenet seg av, dei får liste over kva dette gjeld.
- Ikkje vere redd for å ringe 110 når ein situasjon oppstår, dei veileder oss og hjelper å avgjere vidare framgang.
- Klarar ein å slökkje små tilløp før alarmer går, treng ein ikkje evakuere kyrkja.
- Bruk manuell utløyser (manuell brannvarsling) når ein situasjon oppstår som gjer at ein ynskjer å evakuere kyrkja; ved sterk lukt, eller anna hending.
- Ved store konsertar o.l. vert det ofte trangt i koret/trapp. Viktig at eigar av kyrkja har gode og konkrete reglar/planar om korleis ein plasserer utstyr, ledningar mm, dette med tanke på sperring av rømningsvegar. Dette skal verta godt informert om på førehand til dei som leiger kyrkja. Det vert laga ein plan på dette.
- I planen til kyrkja står det at makstal er 550 personar i kyrkja, det virkar som eit veldig høgt tal. Det vert engasjert eit firma som skal rekne ut dette på ny.
- Det må vere gode rutinar på å håndheve maksantal ved store arrangement. Når ein veit at det kjem til å bli stor pågang, kan ein planleggje å streame til anna hus.
- Rullestol kan plasserast attmed benkerad, det er likevel god passasje i midtgongen. Eller ein kan fjerne stol framme og plassere rullestolen der. Rullator kan slåast saman og setjast bak nederste benkerad. Barnevogner kan stå framme ved piano. Oppmode på dåpsmøte/samtale at ein helst ikkje tar vogner med inn i kyrkja.
- Det blir brannøving i ei gudsteneste til hausten.

Redde – Varsle – Slökkje

Ring vaktnummeret til brannvesenet; 97552059, om ein er i tvil om ting bør sjekkast, feks svilukt, svidd elektrisk kontakt o.l.

Me var 23 stk i tillegg til brannleiar.

Reidun Andersen, ref.